

litt om serien:

Songane vi syng når vi samlast som kristne er ikkje berre møtefyll, framføring og godkjensle. Nei, i songane er det trua sjølv som både gjev og får språk og innhald. Dei gode songane hjelpt oss å løfte blikket på Jesus, utan at vi må sjå vekk i frå vår eiga livshistorie. Då styrkast trua gjennom songen og musikken. Det vert meir enn ein song! Det blir tru. Det blir liv. Det blir etterfølging. Det blir tilbeding. Til alle tider har kristne sunge saman, for gjennom songane vi syng vert den enkelte si tru vevd saman med alle dei andre si tru. Fellesskapet styrkast når vår tru får eit felles uttrykk, og gjennom songane får vi oppmuntra kvarandre til å stå faste i trua. Håpet vårt er at vi gjennom denne serien skal hjelpe kvarandre til å vere endå meir til stades i songane vi syng. For slik kan dei bli meir enn ein song.

litt om temaet:

Teksten til denne songen er ein gammal Grundtvig-salme frå kring 1837. Grundtvig har lete seg inspirere av det latinske 1200-tals diktet Salve Mundi Salutare (verdas frelsar vi hyller) der kvar av dei 7 ledda tek utgangspunkt i ein kroppsdelen til den torturerte Messias. *Hyll/hill deg, frelser og forsoner* er sterkt motivert av den første delen av dette diktet. Salmen har klare påskemotiv når han tek utgangspunkt i Jesu lidingshistorie. Salmen hyller og feirar Guds uendelige kjærleik til oss gjennom Jesu død på korset og undrar seg over kva dette betyr for oss, kor ufortent det er og kor utruleg det er at det er for meg. Teksten sitt «du» er Jesus og det er difor ein tekst der vi vender oss direkte til Jesus sjølv. Salmen hjelper oss å dvele med korleis kjernebodskapen i kristen tru gjeld meg. Jesu liding og død uttrykker både hans uendelige kjærleik, men også hans oppgjer med synd og død. Songen spør: Kva har dette å seie for meg, personleg?

Hyll deg, frelser og forsoner

lære

Rom 5, 6-11

Eit sentralt tema her er det ufortente rollebytet, og teksten spør «hva elsker du hos støvet, så du tok vår plass i døden?» Korleis kjem dette fram i bibelteksten?

I songen syng vi: «Da du ofret helt ditt hjerte, seiret over død og smerte, for å gi oss håp og fred». Korleis kjem dette fram i bibelteksten?

vere

Vi brukar kanskje ikkje ordet «forsoning» så mykje, unntatt når nokon har eit avklart forhold til at dei snart skal døy. Men å vere «uforsonleg» er ikkje noko særlig godt karaktertrekk. Korleis kan vår ufortente forsoning med Gud verke inn på liva våre? Kan det merkast om vi lever som forsona menneske?

ære

spel av
eller syng
(forslag)

Lovsong:

Salme:

Above All (Michael W. Smith)

Redningsmann (Impuls)

173: Hill deg, frelser og forsoner

gjere

I den siste lina: «Si: vi går til Paradis» høyrer vi eit ekko av røvaren som blei krossfest ved sida av Jesus (Luk. 23, 40-43). Tidlegare i songen syng vi «Vær meg nær når synden frister». Kva kan tanken på det Jesus måtte gjennom gjere med korleis vi tenkjer om vår eiga synd? Har de opplevd praktisk skilnad på å vere nær Jesus eller ikkje, når det gjeld å gjere gode val?

bøn

Takk Jesus for at han frivillig gjekk i døden for oss, sjølv om vi ikkje fortente det, og framleis ofte «kroner han med torner».

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å stole på at vi er frie, forsona og rettferdiggjorte, og at Gud ikkje er ute etter å ta oss.



litt om serien:

Songane vi syng når vi samlast som kristne er ikke berre møtefyll, framføring og godkjensle. Nei, i songane er det trua sjølv som både gjev og får språk og innhald. Dei gode songane hjelpt oss å løfte blikket på Jesus, utan at vi må sjå vekk i frå vår eiga livshistorie. Då styrkast trua gjennom songen og musikken. Det vert meir enn ein song! Det blir tru. Det blir liv. Det blir etterfølging. Det blir tilbeding. Til alle tider har kristne sunge saman, for gjennom songane vi syng vert den enkelte si tru vevd saman med alle dei andre si tru. Fellesskapet styrkast når vår tru får eit felles uttrykk, og gjennom songane får vi oppmuntra kvarandre til å stå faste i trua. Håpet vårt er at vi gjennom denne serien skal hjelpe kvarandre til å vere endå meir til stades i songane vi syng. For slik kan dei bli meir enn ein song.

litt om temaet:

Denne salmen er kanskje best kjent som den Hans Nilsen Hauge song då han midt i andre verset fekk si store kallsoppleving. Resten er som kjent historie, men dette gjer jo at nettopp denne salmen kanskje er den som har forandret Norge mest. Den dukkar første gong opp i ei tysk frikyrkjeleg salmebok i 1712, og vart ein viktig del av den pietistiske vekkingsrørsla. Salmen vert omsett til dansk og kjem inn i Pontoppidan si salmebok i 1740 og Elias Blix gjev den eit norsk preg og utgjev den i Norge i 1869. Så kva handlar den om? Jo, salmen er uttrykk for ein lengsel etter å kjenne Jesus heilt og fullt. At alle delar av hjerte og sinn må få bli prega av intime kjennskapen til Jesus – slik at heile livet påverkast av trua. Trua er den nådige gåva som Anden gjev, og frelsa er noko som Jesus gjev. Og får eit menneske ikkje dette, er alt anna lite eller ingenting verdt. Det er og blir Jesus og Jesus åleine som vi berre MÅ få tak i i dette livet.

Jesus, din søte forening å smake

lære

Fil 1,21-26

Korleis kjem det fram i bibelteksten at Paulus «lenges og trenges» etter å foreinast med Jesus?

Paulus må ikkje misforståast som at han ville ta livet sitt, men han gjekk gjennom tøff forfølging og venta Kristus tilbake når som helst. Kva vil han fylle ventetida med? Kva er det som er årsaken til at han likevel håpar på, ja, er viss på, å få leve litt til?

vere

Kva bør det gjere med perspektivet på livet her og no, og på menneske rundt oss, å lengte etter å vere foreint med Jesus?

Kjenner de til menneske som har levd eller lever «himmelvendt»? Korleis opplevast dei for folk rundt seg?

gjere

Livet med Jesus handlar ikkje om å tvinne tomlar mens vi ventar på å bli rykka bort. Korleis kan det å hjelpe andre til «framgang og glede i trua» fylle livet dykkar med meinings, slik det gjorde for Paulus?

Kva konkret kan de gjere for å hjelpe andre til framgang og glede i trua?

aere

spel av
eller syng
(forslag)

Lovsong:

Salme:

Love like this (Lauren Daigle)

Dra meg nær til deg (Michael W. Smith)

158: Jesus, din søte forening å smake



bøn

Takk Gud for det store underet at vi får vere hans arvingar, og at vi skal foreinast med han når dette livet er slutt.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å halde ut i bøn, slik at vi held fram med å rope i lengsel og aldri blir stille. Og be òg om hjelp til å be den vanskelege bøna om at Guds vilje må skje, og ikkje berre vår.

litt om serien:

Songane vi syng når vi samlast som kristne er ikke berre møtefyll, framføring og godkjensle. Nei, i songane er det trua sjølv som både gjev og får språk og innhald. Dei gode songane hjelpt oss å løfte blikket på Jesus, utan at vi må sjå vekk i frå vår eiga livshistorie. Då styrkast trua gjennom songen og musikken. Det vert meir enn ein song! Det blir tru. Det blir liv. Det blir etterfølging. Det blir tilbeding. Til alle tider har kristne sunge saman, for gjennom songane vi syng vert den enkelte si tru vevd saman med alle dei andre si tru. Fellesskapet styrkast når vår tru får eit felles uttrykk, og gjennom songane får vi oppmuntra kvarandre til å stå faste i trua. Håpet vårt er at vi gjennom denne serien skal hjelpe kvarandre til å vere endå meir til stades i songane vi syng. For slik kan dei bli meir enn ein song.

litt om temaet:

Denne songen vart skrive av australske Hillsong United og gjeve ut 23. august 2013. Den vann prisen for årets song 2014 i Gospel Music Association sin Dove Awards. Bibelteksten som heilt klart inspirerte songen er fortellinga om Jesus som ber Peter gå ut på vatnet saman med han. Peter gjer det, men misser trua for ei stund og tek til å synke. Han ropar på Jesus som rettar ut handa og berger han. Undertittelen på songen – «Where feet may fail», indikerer at livet, også truslivet, ikkje haldast oppe av oss sjølve, men av Jesus. Tema og motiv i songen er å våge steg i tru ut i det ukjende. Og å stole på Jesus, ha ein rå, uavgrensa tillit til han. Bridgen summerer opp hjartet i songen: om at Anden skal leie oss dit tilliten til Jesus er grenselaus - så vi kan gjere det Gud kallar oss til, og både vite og kjenne djupt i hjartet at han tek seg av oss.

Oceans

lære

[Matt 14. 22-33](#)

Dette er rett etter at 5000 har blitt mette av to fiskar og fem brød, og Jesus er blitt veldig populær. Men kva er det han gjer i starten av teksten? Kva prioriterer han?

Kven er det som utfordrar kven frå vers 28, og kva blir resultatet? Kan dette seie oss noko om korleis vi kan forholde oss til Jesus?

vere

Havet er ein grunnleggjande metafor gjennom heile Bibelen, som står for kaos, trøbbel, uorden. Kva i ditt liv er det som opplevast som buldrande, trugande vassmasser?

Med denne metaforen i tankane, kva betyr det at Jesus viser at han har kontroll over vatnet?

aøre

spel av
eller syng
(forslag)

Lovsong:
Salme:

Oceans (Hillsong United)
431: Tårnhøye bølger
847: Han gyller himlens tak i gullsinober

gjere

Det første steget utpå vatnet mot Jesus kan vere å høyre kven han bed deg om å velsigne. Kva er det nokon rundt deg treng? (De kan starte i det små).

Bruk litt tid i bøn, og be om den Heilage Ande sin hjelp til å sjå kven de kan velsigne, og om høve og mot til å gjennomføre det.

bøn

Takk Gud for at han både utfordrar oss og omfamnar oss. Takk for at vi får vere både hans hender på jorda og hans dyrebare barn.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å stole på innskytelsane han gjev oss.



litt om serien:

Songane vi syng når vi samlast som kristne er ikkje berre møtefull, framføring og godkjensle. Nei, i songane er det trua sjølv som både gjev og får språk og innhald. Dei gode songane hjelpt oss å løfte blikket på Jesus, utan at vi må sjå vekk i frå vår eiga livshistorie. Då styrkast trua gjennom songen og musikken. Det vert meir enn ein song! Det blir tru. Det blir liv. Det blir etterfølging. Det blir tilbeding. Til alle tider har kristne sunga saman, for gjennom songane vi syng vert den enkelte si tru vevd saman med alle dei andre si tru. Fellesskapet styrkast når vår tru får eit felles uttrykk, og gjennom songane får vi oppmuntra kvarandre til å stå faste i trua. Håpet vårt er at vi gjennom denne serien skal hjelpe kvarandre til å vere endå meir til stades i songane vi syng. For slik kan dei bli meir enn ein song.

litt om temaet:

Kampen om kven du er – identiteten din – er ein stor kamp i vår tid. Denne kampen kjempast i eit samfunn som for det første hevdar at identitet er 100% sjølvheving, for det andre likevel meinar veldig mange røyster ting om kva du bør og ikkje bør vere. Og for det tredje er samfunnet rimelig nådelauast i sine dommar over oss og kven vi er. Midt i dette er songen «Who You say I am» blitt til. Også denne er frå Hillsong Worship og vart sluppen 15. juni 2018. Den vann ein Dove Award for årets song 2019. Songen minner oss om at det vi djupast sett er – det høgste vi kan håpe på å bli, er å vere det Gud seier vi er: det er eit Guds barn. Der ligg stadfestinga vi treng, verdien vi har og fridomen vi lengtar etter. Av alle stemmene vi bombardeast med i løpet av ein dag, er det Guds stemme som kan seie oss kven vi er.

Who You say I am

lære

[Rom 8,14-16](#)

I ein familie i Romarriket på den tida Paulus skreiv, kva trur du var skilnaden på å vere slave og å vere born?

Dagens (K)RL(E)-nøtt: Det at vi har rett til å kalle Gud for Far og vere hans born, er det noko som er likt i alle religionar?

Kva i desse bibelversa kan de finne igjen i songteksten?

vere

Kva for identitetar er det media (inkl. «sosiale»), reklamebransjen, populærkultur mm fortel oss at vi kan velje mellom? Korleis føregår dette, og korleis opplev du det?

Kva skilnad kan det gjere, i møte med skiftande trendar, å ha ein grunnfest identitet som Guds barn?

aere

spel av
eller syng
(forslag)

Lovsong:
Salme:

Who you say I am (Hillsong Worship)
325: Som når et barn kommer hjem
490: Salige visshet: Jesus er min

gjere

Det er ein tendens i vår tid til å piske opp stemning basert på ulike identitetsmarkørar, slik at vanskelege sakar blir reduserte til «oss» mot «dei». Korleis kan vi som kristne stå opp mot dette?

Heilt konkret: korleis kan du oppføre deg på nettet i møte med folk som identifiserer deg som «fienden»?

bøn

Takk Gud for at vi har fått ein trygg og fast identitet som hans dyrebare born, og takk for alt Jesus gjorde for at vi skulle få det.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å halde fast på at vi først og fremst er Guds born, i møte med alle som vil klistre andre merkelappar på oss.



litt om serien:

Songane vi syng når vi samlast som kristne er ikkje berre møtefull, framføring og godkjensle. Nei, i songane er det trua sjølv som både gjev og får språk og innhald. Dei gode songane hjelpt oss å løfte blikket på Jesus, utan at vi må sjå vekk i frå vår eiga livshistorie. Då styrkast trua gjennom songen og musikken. Det vert meir enn ein song! Det blir tru. Det blir liv. Det blir etterfølging. Det blir tilbeding. Til alle tider har kristne sunge saman, for gjennom songane vi syng vert den enkelte si tru vedt saman med alle dei andre si tru. Fellesskapet styrkast når vår tru får eit felles uttrykk, og gjennom songane får vi oppmuntra kvarandre til å stå faste i trua. Håpet vårt er at vi gjennom denne serien skal hjelpe kvarandre til å vere endå meir til stades i songane vi syng. For slik kan dei bli meir enn ein song.

litt om temaet:

«For så langt» er ei ny norsk omsetting av den engelske kjende salmen «Come Thou Fount Of Every Blessing», som var skrive av pastor og salmediktar Robert Robinson i 1757. Han var berre 22 år når han skreiv denne salmen og baserte den på bibelhistoria om Guds hjelp til Israel mot filistarane i 1. samuelsbok. Han ser heile livet til ein kristen i lys av denne fortellinga. Salmen er slik ein gigantisk takkesang for at Gud bergar oss, hjelper oss og frelsar oss, trass våre feil og manglar i å oppriktig følgje han. Sjølv om salmen endar med ei forventning om ein evighet med Gud og ser fram til herlegdomen, målbær likevel refrengjet ei takksemd bakover i tid. Så langt har Gud vore der, også i våre liv, slik dei har vert. Han er ved sida vår no og vik aldri derifrå. Han kjenner korleis kvar enkelt har det og i alt og eitt er han vår hjelp.

For så langt

lære

1. Sam 7,7-12

Kva er den første reaksjonen til israelittane når dei skjørnar at filisterane kjem, og kva fortel det om dei?

Korleis kan vi forstå ofringa av det uskyldige lammet på vegne av folket i vers 9, og korleis peikar dette framover? (hint: Joh. 1,29)

Korleis kan vi kjenne igjen bibelteksten i songteksten?

vere

Har du opplevelingar av at Gud var der då du trengte hjelp? Eller kanskje opplevelingar av at du ikkje fekk den hjelpa du bad om? Korleis påverkar det trua di?

Uavhengig av personlege opplevelingar: Kva er den store historia i Bibelen om korleis Gud har vore med oss så langt?

aere

spel av
eller syng
(forslag)

Lovsong:
Salme:

For så langt (Filadelfiakirken)
327: Jeg løfter mine øyne opp til fjellene
322: Stor er din trofasthet, Herre og Fader

gjere

Bønesvar er faktisk ganske lett å gløyme. Israelittane sette opp ein stor stein som dei kalla «hjelpesteinen» for at ikkje dei, eller generasjonane etter dei skulle gløyme kva Gud hadde gjort. På kva måte kan du sørge for å hugse dei bønesvara du får, og korleis kan du formidle dei vidare til nokon?

bøn

Takk Gud for at han er trufast og aldri sviktar, og at han svarer på bønene våre på måtar og på tidspunkt han finn best.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å hugse det han har gjort for oss, gjennom sitt frelsingsverk og gjennom svar på bønene våre.

